

*Finansdepartementet*  
*Økonomiavdelingen*  
**ARBEIDSNOTATER**

**NR. 2**

**FINANSPOLITISKE INDIKATORER  
OG EN  
FINANS POLITISK MODELL**

*Av Tore Eriksen, Jan Fredrik Qvigstad  
og Asbjørn Rødseth*

ARBEIDSNOTATER NR. 2

Tore Eriksen, Jan Fredrik Qvigstad og Asbjørn  
Rødseth:

FINANSPOLITIKK

- finanspolitiske indikatorer og en FINanspolitisk  
MOdell.

I Økonomiaavdelingen, Finansdepartementet utarbeides  
det av og til notater som det kan ha interesse å  
gi en noe videre sirkulasjon. En har derfor valgt å  
gi ut serien Arbeidsnotater. Synspunkter og konklu-  
sjoner er forfatteren ansvarlig for og kan ikke tas  
som uttrykk for Finansdepartementets oppfatning

Økonomiaavdelingen  
Finansdepartementet  
november 1981

## FORORD

Som ledd i Finansdepartementets arbeid med oppleggjøret og gjennomføringen av finanspolitikken, er det i Økonomiavdelingen foretatt utrednings- og analysearbeid for å bedre grunnlaget for å vurdere denne viktige delen av den økonomiske politikken.

Vurderingen av hvor ekspansivt et statsbudsjett er, tar som regel utgangspunkt i tre indikatorer

- overskudd før lånetransaksjoner
- nivået på statlig konsum og brutto realinvestering
- tilførsel av likviditet til publikum.

I Nasjonalbudsjettet 1982 er det i vedlegg I gitt en omtale av Indikatorer for finanspolitikken. Hensikten med dette arbeidsnotat er bl.a. å gå noe nærmere inn på de spørsmål som er drøftet i vedlegget til Nasjonalbudsjettet.

I del I av notatet vil det bli gitt en begrunnelse for bruken av de tre indikatorene. Det blir også drøftet en del problemer ved bruken av dem. Del II søker å gi en pedagogisk fremstilling av en FINans-politisk MODell (FINMOD) som er utviklet i Økonomiavdelingen. FINMOD er ingen modell i strengt økonometrisk forstand, men gir en analytisk presis ramme for en finanspolitisk diskusjon. Det er samsvar mellom tankeskjemaene i del I og II.

Asbjørn Rødseth var engasjert ved Utredningskontoret/Økonomiavdelingen et halvt år i 1981. Han har hovedansvaret for del I. Tore Eriksen og Jan F. Qvigstad, begge byråsjefer ved Utredningskontoret i Økonomiavdelingen har hovedansvaret for del II.

Økonomiavdelingen  
november 1981

Thorvald Moe

## Del I: INDIKATORER FOR FINANSPOLITIKKEN

1. Innleiing	1
2. Finanspolitikken 1967-1980	6
3. Eit tankeskjema	10
4. Problem ved bruken av dei tre indikatorene	27
5. Konklusjon	39

## Del II: EN FINANSPOLITISK MODELL

1. Kort om den administrative prosess	1
2. En forenklet versjon av FINMOD	9
3. Nærmere om de enkelte delene av modellen	18
4. Numeriske resultater	45
5. Videre arbeid med FINMOD i Økonomiavdelingen	57
6. Referanseliste	59

Tekniske vedlegg

## Del I

## INDIKATORER FOR FINANSPOLITIKKEN

	Side
1. Innleiing	1
2. Finanspolitikken 1967 - 1980	6
3. Eit tankeskjema	10
3.1 Verknader av finanspolitikken ved gitte prisar.	10
3.2 Kredittpolitiske konsekvensar av finanspolitikken.	14
3.3 Verknader av finanspolitikken på løns- og prisstigninga.	17
3.4 Verknadstal frå FINMOD.	21
3.5 Nye moment og oppsummering.	25
4. Problem ved bruken av dei tre indikatorane	27
4.1 Resultatet avheng av andre forhold.	27
4.2 Verdien av indikatorane avheng av tilstanden økonomien er i.	28
4.3 Fordelinga av offentlege utgifter og inntekter kan vera viktig.	30
4.4 Oljeskattane.	33
4.5 Fordelinga av etterspørsla på sektorar.	36
4.6 Kommunal økonomi.	37
5. Konklusjon	39

#### INDIKATORAR FOR FINANSPOLITIKKEN

##### 1 Innleiing

Vurderingar av kor ekspansivt eit statsbudsjett er tar som regel utgangspunkt i tre tradisjonelle indikatorar:

- overskottet før lånetransaksjonar
- nivået på utgiftene til kjøp av varer og tenestar (statleg, konsum og brutto realinvestering)
- tilførselen av likviditet til publikum.

Samanhengen mellom dei tre er gitt i følgjande oppstillingar:

- Samla inntekter i stats- og trygdeforvaltninga (skattar mv.)
- Overføringer til private, kommunar og utlandet (stønader, renter mv.)
  - = Disponible inntekter i stats- og trygdeforvaltninga
  - Utgifter til kjøp av varer og tenestar
  - = Overskott før lånetransaksjonar

Netto utlånsauke frå staten (kredittilførsel)

- Overskott før lånetransaksjonar
- = Likviditetstilførsel frå staten
- + Likviditetstilførsel frå private bankar m.v.
- + Netto sal av valuta frå publikum
- = Tilførsel av likviditet til publikum

I dette notatet vil vi gjera greie for grunngivinga for bruken av dei tre indikatorane. Vi vil visa at det er ein samanheng mellom verdien av kvar av dei tre og det resultatet vi får for produksjonsvolumet, sysselsettinga, handelsbalansen, lønsstigninga og prisstigninga. Seinare i notatet vil vi drøfta ein del problem ved bruken av dei tre indikatorane.

Konklusjonen på den drøftinga er at å kjenna verdien på dei tre ikkje er tilstrekkeleg for å kunna vurdera kor ekspansivt eit statsbudsjett er. Men først skal vi gi eit kort historisk oversyn over utviklinga i dei tre indikatorane dei seinare åra. Vi skal der gi ein del tal for den faktiske utviklinga utan å prøva å vurdera den politikken som blei ført.

Tabell 1 Overskott før lånetransaksjonar og offentleg konsum og investering i % av BNP. Påløpne verdiar.

	1967	1968	1969	1970	1971	1972	1973	1974	1975	1976	1977	1978	1979	1980
Stats- og trygdeforv.														
Overskott før lånetransaksjonar	2,8	2,2	2,1	0,7	3,2	3,6	5,4	3,9	3,4	1,8	-0,4	-0,7	0,5	5,4
Kommunar. Overskott før lånetransaksjonar <sup>1)</sup>	-0,7	-0,6	-0,8	-0,3	-1,8	-1,6	-1,5	-1,0	-1,8	-1,2	-0,9	-1,8	-1,7	-2,2
Offentleg forvalting totalt.														
Overskott før lånetransaksjonar	2,1	1,6	1,3	0,4	1,4	2,0	3,9	2,9	1,6	0,6	1,3	-2,5	-1,2	3,2
Statleg konsum og investering	9,6	9,7	10,0	9,6	9,8	9,8	9,5	9,6	9,9	10,0	9,9	9,8	9,2	8,8
Kommunalt konsum og investering	10,9	11,2	11,5	11,8	12,9	13,4	13,4	13,3	14,2	14,7	15,1	15,7	14,9	14,1
Offentleg konsum og investering	20,5	20,9	21,5	21,4	22,7	23,2	22,9	22,9	24,1	24,7	25,0	25,5	24,1	22,9

Kjelde: Økonamisk utsyn og Statistisk årbok.

1) Inkl. kommunale foretak.

Tabell 2 Overskott før lånetransaksjonar korrigert for oljeskattar. Offentleg konsum og investering. Alle tal i prosent av BNP utan sjøfart og oljeverksmed. Påløpne verdiar

	1967	1968	1969	1970	1971	1972	1973	1974	1975	1976	1977	1978	1979	1980
Stats- og trygdeforvalting, overskott før lånetransaksjorar, korrigert for oljeskattar	3,1	2,4	2,3	0,7	3,5	3,8	5,9	4,2	2,7	-0,1	-2,3	-3,9	-4,2	-4,1
Kommuneforvalting, overskott før lånetransaksjorar)	-0,8	-0,6	-0,9	-0,2	-2,0	-1,6	-1,7	-1,1	-2,0	-1,3	-1,0	-2,1	-2,1	-2,6
Offentleg forvalting, overskott før lånetransaksjorar, korrigert for oljeskattar <sup>1)</sup>	2,3	1,8	1,4	0,5	1,5	2,2	4,2	3,1	0,7	-1,4	-3,3	-6,0	-6,3	-6,7
Statleg konsum og investering	10,6	10,8	11,0	10,6	10,7	10,7	10,4	10,5	10,8	11,0	10,9	11,1	10,7	10,9
Kommunal konsum og investering	12,1	12,5	12,6	13,0	14,1	14,6	14,8	14,7	15,5	16,2	16,6	17,6	17,3	17,5
Offentleg konsum og investering <sup>1)</sup>	22,7	23,3	23,6	23,6	24,8	25,3	25,2	25,2	26,3	27,2	27,5	28,7	28,0	28,4

Kjelde: Økonomisk utsyn og Statistisk årbok.

1) Inkl. kommunale foretak.

-4-

Tabell 3 AUKE I PUBLIKUMS LIKVIDITET. VEKST I NOMINELT BRUTTONASJONALPRODUKT OG I INNANLÆR BRUK AV VARER OG TENESTAR. ALLE TAL I PROSENT.

	1967	1968	1969	1970	1971	1972	1973	1974	1975	1976	1977	1978	1979	1980
Auke i publikums likviditet % :	8,8	11,7	9,9	13,9	12,9	11,5	11,1	11,5	15,2	17,3	15,7	11,4	13,6	11,8
Vekst i BNP <sup>1)</sup>	7,1	8,3	12,7	13,6	11,6	11,9	14,3	15,5	14,8	13,4	10,4	8,1	9,7	13,0
Gj. snitt over to år														
*Vekst i innanl. bruk av varer og tenestar.														
Gj. snitt over to år	6,3	5,7	13,9	16,5	10,0	10,6	17,0	18,9	18,4	15,6	7,4	4,3	11,4	14,5

1) Utan sjøfart og oljeverksmed.

-5-

## 2 Finanspolitikken 1967 - 1980

Tabellane 1, 2 og 3 gir eit oversyn over utviklinga i verdien av dei tre indikatorane frå 1967 til 1980. Tala for overskottet før lånetransaksjonar går gjennom fleire fasar. Fram til 1969 var det vanleg at staten gjekk med nokså stabile overskott. Omlegginga av skattesystemet i 1970 førte til eit kraftig fall i overskottet. Etter det kom ein periode med relativt store overskott frå 1971 til 1975. Frå 1976 til 1979 var overskottet historisk sett svært lågt, og i eit par år var det til og med underskott. I 1980 fekk vi så eit stort overskott, først og fremst på grunn av auka oljeprisar og dei auka skatteinnkomene som følgde. Men overskottet i 1980 var i prosent av brutto nasjonalproduktet ikkje større enn i 1973. Den gongen var skatteinnkomene frå oljeutvinninga nesten utan betydning.

Eksklusive oljeskattar har staten gått med underskott kvart år sidan 1976.

I prosent av brutto nasjonalproduktet eksklusive sjøfart og oljeverksemd fall overskottet med 9,7% frå 1973 og 1978. Deretter har underskottet stabilisert seg på eit nivå på ca. 4% av brutto nasjonalproduktet eksklusive sjøfart og oljeverksemd.

Statleg konsum og investering har ikkje gått gjennom tilsvarande fasar. I forhold til brutto nasjonalproduktet låg statleg konsum og investering i 1980 på eit nivå som var lågare enn nokon gong tidlegare i perioden. I forhold til brutto nasjonalproduktet eksklusive sjøfart og oljeverksemd ligg statleg konsum og investering på om lag det same nivået heile perioden. Det veksande underskottet skyldest ikkje at veksten i statleg konsum og investering har vore særleg sterkt, men at skatte-

innkomene til staten (medrekna folketrygda) har stige mindre enn overføringane til private og kommunar.

Utviklinga i staten og trygdeforvaltninga bør vi og sjå i samanheng med den kommunale økonomien. Vi ser at kommunane gjennom heile perioden har gått med underskott før lånetransaksjonar. Frå 1971 og framover ligg underskottet på eit klart høgare nivå enn tidlegare.

I forhold til PNP utan sjøfart og oljeverksemd aukar underskottet i kommunane igjen kraftig mot slutten av 70-åra.

Variasjonane i overskottet i stats- og trygdeforvaltninga er større enn for kommunane. Ser vi på offentleg forvaltning totalt, får vi derfor eit bilde som er nokså likt det vi gav for staten og trygdeforvaltninga aleine, men med overskottet på eit lågare nivå.

Kommunalt konsum og investering (utgifter til kjøp av varer og tenestar) viste ein kraftig vekst fram til 1978. Veksten har halde fram også etter 1978, men på grunn av den sterke veksten i oljeinntektene utgjer nå kommunalt konsum og investering ein mindre del av BNP. Sidan statleg konsum og investering viser langt mindre variasjon enn kommunalt, følgjer utviklinga for den offentlege sektoren totalt i hovudsak utviklinga for kommunane, og viser altså ein sterkt vekst fram til 1978.

Nedgangen i offentleg konsum og investering i forhold til BNP dei siste tre åra må sjåast på bakgrunn av at veksten i BNP dei tre åra var særleg sterk på grunn av auka innkomer frå oljeverksemda. Sett i forhold til den totale innanlandske bruken av varer og tenestar viser offentleg konsum og investering ingen nedgang.

Vi har her heile tida sett tala i forhold til faktisk BNP. I prinsippet burde vi kanskje heller sjå tala i forhold til det BNP som vi ville få ved full utnytting av dei innanlandske produksjonsressursane (potensielt BNP). Slike talseriar var ikkje tilgjengelege for oss, men dei ville i hovudsak gitt det same bildet. Men fordi potensielt BNP truleg vaks raskare enn faktisk BNP i perioden 1975-1978, ville tala mot slutten av perioden alle ha blitt noko mindre i talverdi.

Tabell 3 viser veksten i likviditeten til publikum gjennom kvart enkelt år frå 1967 til 1980. Likviditeten er definert som summen av sedlar og mynt i sirkulasjon og bankinnskott eksklusive innskott på skattefri banksparing. Publikum er definert som private og kommunar, men eksklusive forretnings- og sparebankar. For å få eit bilde av kva tala tyder, bør vi sjå dei i forhold til veksten i verdien av omsetninga av varer og tenestar. Ein av mange måtar å måla den veksten på er å sjå på veksten i brutto nasjonalprodukt eksklusive skipsfart og oljutvinning rekna i løpende prisar. Sidan likviditetstala gjeld beholdningar ved inngangen og utgangen av året, er det eigentleg ikkje veksten i brutto nasjonalprodukt frå eitt år til det neste, men gjennom året, vi bør

samanlikna med. Eit grovt anslag for veksten gjennom året får vi ved å ta gjennomsnittet av vekstratene frå året før og til året etter. Vi ser at fram til og med 1975 var det eit ganske godt samsvar mellom likviditetstilførselen og veksten i transaksjonsvolumet. Frå 1976 til 1979 var likviditetstilførselen kvart år større enn veksten i transaksjonsvolumet, slik vi har målt det. Vi bør ikkje dra for sterke konklusjonar av dette. For det første bør det ikkje nødvendigvis vera proporsjonalitet mellom likviditetsstilførsel og transaksjonsvolum. For det andre er brutto nasjonalproduktet berre ein av mange indikatorar for transaksjonsvolumet. Spesielt kan det henda at denne indikatoren er dårlig i år med stort underskott på handelsbalansen.

Eit alternativt mål for transaksjonsvolumet er den innanlandske bruken av varer og tenestar. Bruker vi dette målet, gir perioden 1967 til 1972 eit noko uryddig bilde. Frå 1973 til 1975 var veksten i transaksjonsvolumet langt sterkare enn i likviditetstilførselen. Frå 1976 til 1979 veks transaksjonsvolumet mindre enn likviditeten, så her gir dei to indikatorane same resultat.

Vi vil nå drøfta dei tankegangane som ligg til grunn for bruken av dei tre indikatorane.

### 3 Eit tankeskjema

Til hjelp for å halda orden på tanken kan vi dela inn tida i periodar som kvar er forholdsvis korte. Ved inngangen til kvár periode er lønnsnivået bestemt for heile perioden.

Prisane på varene som blir produserte i landet er lik kostnadene til råvarer og arbeidskraft tillagd indirekte skattar og avansesatsar, som ligg fast gjennom perioden. Vi går ut frå at både arbeidsinnsatsen og bruken av råvarer står i eit fast forhold til produksjonen. Avansesatsen kan variera frå vare til vare. Prisane på varer som blir importerte frå utlandet og på varer som konkurrerer med eksportvarene våre, tenkjer vi oss at er uavhengige av innanlandske forhold og faste over perioden. Dermed vil ved inngangen til perioden alle prisar og lønningar vera fastlagde for heile perioden. Perioden må vi da tenkja oss ein god del kortare enn budsjettåret.

Vi skal nå først sjå på kva slags verknader finanspolitikken kan få innanfor ein slik periode der alle prisar og løner er gitt på førehand. Så skal vi ta føre oss korleis utviklinga av prisar og lønningar frå periode til periode blir påverka av politikken, og kva verknader denne utviklinga har på sysselsetting og handelsbalanse.

#### 3.1 Verknader av finanspolitikken ved gitte prisar

Vi skal tenkja oss at produksjonen i landet blir fullstendig bestemt av etterspørsla etter varer og tenestar produserte i landet. Dersom etterspørsla etter varer går opp, så aukar innsatsen av arbeidskraft tilsvارande, enten ved at fleire blir sysselsatte eller ved at det blir brukt meir overtid. Det vi nå treng å vita for å kunna diskutera verknadene av offentlege tiltak, er korleis etterspørsla i økonomien blir bestemt.

Den samla etterspørsla er sett saman av fire komponentar:

- privat konsum
- private brutte investeringar i fast kapital og lager
- offentlege kjøp av varer og tenestar (offentleg konsum og brutto realinvestering)
- eksport

Til saman må desse fire komponentane vera lik den samla tilgangen av varer og tenestar (netto, dvs. fråtrekt dei varene som går til innsats i annan produksjon). Denne tilgangen er det same som innanlandsk produksjon eller bruttonasjonalproduktet pluss importen. Såleis vil òg fordelinga av den samla etterspørsla mellom import og innanlandsk produksjon vera med å avgjera kor stor produksjonen blir.

Det private konsumet blir bestemt av privat disponibel inntekt, som er lik verdien av produksjonen (nasjonalproduktet) fråtrekt skattane (rekna netto, dvs. stønader frå staten til private er trekte frå) og depresieringa av realkapitalen og tillagd renteinntektene (netto) av statsgjelda og private fordringar på utlandet. Når privat disponibel inntekt går opp, aukar konsumet, men mindre enn inntekta, fordi ein del av auken i inntekta blir spart.

La oss inntil vidare gå ut frå at vi kjenner til kor store dei private realinvesteringane vil bli i perioden. Vi skal seinare komma attende til kva slags verknader finanspolitikken kan ha på realinvesteringane.

Statlege kjøp av varer og tenestar går vi ut frå blir bestemt direkte over statsbudsjetta. Dette er ei forenkling, sidan mange postar på budsjettet berre er overslag og andre løyyingar kan overførast til neste år. For at ei slik forenkling skal kunna tillatast, bør det vera ein nokså stabil samanheng mellom løyyingane i budsjettet og dei endelige rekneskapstala, når vi ser på alle kjøp av varer og tenestar under eitt.

Til offentlege kjøp av varer og tenestar hører også kommunale kjøp. Aktiviteten til kommunar og fylkeskommunar blir ikkje direkte bestemt over statsbudsjetta, og det er ikkje alltid like lett å forutseia kor stor denne aktiviteten vil bli. Førebels skal vi sjå bort frå at aktivitetsnivået i kommunane kan variera. Seinare skal vi i eit eige avsnitt ta opp kommunesektoren til drøfting.

Eksporteterspørseren går vi ut frå avheng av prisane på eksportvarene, prisane på konkurrerande varer frå andre land og etterspørstsnivået i utlandet. Prisane er alt fastlagde og etterspørstsnivået i utlandet kan vi gå ut frå er uavhengig av det som skjer i vårt land, sidan Noreg er for lite til å ha større innverknad på verdsøkonomien. Dermed kan vi oppfatta eksporten som fastlagd utanfrå og uavhengig av den økonomiske politikken i perioden, i alle fall dersom vi ikkje endrar indirekte skattar eller subsidiar som vedrører eksporten. Vi skal seinare komma attende til korleis eksporten på litt lengre sikt blir påverka av den økonomiske politikken.

Sidan alle prisane er gitt, kan vi gå ut frå at det private konsumet fordeler seg på import og innanlandsk forbruk i eit forhold som berre avheng av sjølve nivået på konsumet. Tilsvarande faste forhold gjeld for dei private investeringane, eksporten og offentlege kjøp av varer og tenestar.

Sett nå at underskottet før lånetransaksjonar aukar ved at dei direkte skattane blir reduserte. Dette fører, som kjent, til at privat disponibel inntekt aukar. Ein del av denne inntektsauken vil gå til auka konsum, og ein del av auken i konsumet vil vera retta mot innanlandske varer. Større etterspørsel fører til større produksjon og dermed høgare disponibel inntekt. Denne slår igjen ut i ein auke i konsumet og prosessen går ein

ny runde. Men det er stadig slik at berre ein del av den auka disponible inntekta slår ut i auka konsum, og berre ein del av det auka konsumet rettar seg mot innanlandske varer. Derfor blir utsлага mindre og mindre for kvar runde, og prosessen vil til slutt stoppa opp. Da har vi fått ein auke både i produksjonen og i importen. Driftsbalanse er blitt forverra.

Dei typane verknader som er omtala til nå, er alle tatt med i modellen MODIS IV, som blir brukt av Finansdepartementet under utarbeidning av nasjonalbudsjetta. Modellen er utvikla av Statistisk Sentralbyrå. Ved hjelp av MODIS IV kan vi rekna ut at ein lette på ein milliard 1982-kroner pr. år i inntektsskatten til staten gir ein auke i brutto nasjonalproduktet på 0,17%, i importen på 0,23% og i sysselsettinga (arbeidsinnsats i årsverk) på 0,15%.

Ovanfor tenkte vi oss at underskottet auka på grunn av ein reduksjon i dei direkte skattane. Verknadene blir litt andre dersom vi i staden aukar dei statlege utgiftene til kjøp av varer og tenestar. Når staten kjøper meir varer og tenestar, blir betalinga inntekt for den private sektoren. Vi får derfor dei same ringverknadene som ved ein skattelette. Men i tillegg kjem den direkte effekten på etterspørseren av offentlege kjøp. Verknaden både på produksjon og import av auka offentlege kjøp av varer og tenestar blir altså større enn verknadene av ein skattelette. Sagt på ein annan måte: Sett at vi aukar dei offentlege kjøpa, men held underskottet før lånetransaksjonar uendra. Da vil både produksjonen og importen auka. Det skyldes at i første omgang går berre ein del av skatteletten til auka forbruk.

Stønader må i denne samanheng oppfattast som negative skattar. Dersom heile stønaden går direkte til auka forbruk, vil den ha same verknad på den samla etterspørseren som offentlege kjøp av varer og tenestar.

produksjonsvolumet og underskottet på handelsbalansen aukar ytterlegare. Auken i produksjonsvolumet fører til auka etterspørsel etter likviditet, mens auka underskott på handelsbalansen medfører redusert tilførsel. I tillegg kan etterspørselen etter pengar auka ved at det oppstår eit visst fall i enkelte rentesatsar. Alt i alt vil investeringane og det private forbruket måtta auka tilstrekkeleg til at vi får balanse mellom tilførselen av og etterspørselen etter likviditet. Vi forstår at likviditetsverknadene av eit auka budsjettdunderskott forsterkar den ekspansive verknaden av underskottet.<sup>1)</sup>

Ein alternativ politikk er at tilførselen av kreditt frå statsbankane eller forretnings- og sparebankane blir redusert slik at det aldri oppstår noko gap mellom likviditetstilførselen og etterspørselen etter likviditet. Om likviditetstilførselen over statsbudsjettet blir nøytralisert på denne måten, får vi ingen tilbakeverknader på realøkonomien via penge- og kredittdforholda.

Som eit hjelpemiddel til å rekna ut verknadene av auka likviditetstilførsel og andre endringar i penge- og kredittpolitikken har Noregs Bank utvikla modellen KRØSUS. Den inneholder mellom anna relasjonar som kan forklara etterspørselen etter likviditet og omveksling av valuta. Verkemidla som kan nyttast i penge- og kredittpolitikken, er mange. Det er ikkje plass til å gå nærmare inn på dei her. Eit problem som ser ut til å vera felles for Noreg og mange andre land, er at samanhengen mellom penge- og kredittdforholda og etterspørselen etter varer og tenestar er nokså ustabil og vanskeleg å fastsiå med tilstrekkeleg presisjon.

1) I dette avsnittet har vi gått ut frå at utlåna frå forretnings- og sparebankane er regulerte med faste rammer. Dersom bankane er frie til å auka utlåna, vil vi gjennom ein kredittmultiplikatorprosess få auka likviditeten ytterlegare. Det forsterkar igjen den ekspansive verknaden.

Vi var ovanfor inne på at finanspolitikken kunne påverka omfanget av dei private realinvesteringane via tilgangen på kreditt. Men finanspolitikken kan påverka realinvesteringane også på andre måtar. Ein ekspansiv finanspolitikk fører til at produksjonsvolumet aukar og utsiktene til fortенeste blir betre. Bedriftene vil da gjerne ønskja å investera meir. Dette kan få ein ytterlegare ekspansiv verknad på etterspørselen og føra til ytterlegare auke i sysselsettinga og i underskottet i utanrikshandelen.

### 3.3 Verknader av finanspolitikken på løns- og prisstigninga

Til nå har vi diskutert kva som skjer innanfor ein kort periode der løsnivået og avansesatsane er gitt. For å kunna drøfta verknadene av finanspolitikken på inflasjonen og konkurranseseevna, må vi nå sjå på korleis prisar og lønningar endrar seg frå periode til periode. Svært mykje teori for lønsdanninga tar utgangspunkt i ein økonomi der det verken finst fagforeiningar eller arbeidsqivarorganisasjonar. Enda om slike teoriar kan høva dårleg på Noreg, vil vi referera dei som utgangspunkt før vi tar opp teoriar som kan gjelda for norske forhold.

Ei vanleg oppfatning er at i ein økonomi der verken arbeidstakarar eller arbeidsgivarar er organiserte, vil utviklinga av lønsnivået vera bestemt av to forhold: Dei forventningane som har bygd seg opp om kor stor lønsstigninga skal bli, og avstanden mellom tilbod av og etterspørsel etter arbeidskraft. Både arbeidsgivarane og arbeidstakarane vil vera interesserte i at løna for den einskilde ikkje kjem for mykje ut av takt med lønsutviklinga for andre arbeidstakarar. Det kan dei berre oppnå ved å ta utgangspunkt

i den lønsstigninga som dei ventar vil gjelda for andre. Dermed vil det vera ein sterk tendens til at dei forventningane som eksisterer til lønsutviklinga blir sjølvoppfyllande. Men avstanden mellom tilbod og etterspørsel på arbeidsmarknaden kan modifisera dette. Som uttrykk for avstanden blir gjerne brukt arbeidsløyseprosenten. Ein høg prosent av arbeidsledige tyder at det er vanskeleg å finna jobb, men lett å finna arbeidskraft. Da vil det vera ein tendens til at det oftare blir avtala ei lågare løn enn den kanskje både arbeidstakar og arbeidsgivar først hadde venta seg. På denne måten blir det slik at dess høgare arbeidsløysa er, dess mindre blir lønsstigninga i forhold til det partane i arbeidslivet opphavleg venta seg.

Korleis blir forventningane om framtidig lønsutvikling danna? Ei oppfatning er at dei vil byggja først og fremst på kva lønsstigninga har vore i tidlegare periodar. Ei anna oppfatning er at arbeidstakarar og bedrifter vil tenkja systematisk over korleis økonomien fungerer og kva lønsutvikling som på det grunnlaget er sannsynleg. Eit tredje alternativ er at dei tar utgangspunkt i prognosar som blir utarbeide av offentlege eller private institusjonar.

Arbeidsmarknaden i Noreg avvik frå den vi har diskutert, ved at både arbeidsgivarar og arbeidstakarar er organiserte i svært høg grad. Vi er langt meir usikre på kva som avgjer lønsutviklinga i Noreg enn i ein økonomi utan fagorganisasjonar, som vi tenkte oss over. Det er likevel god grunn til å tru at både arbeidsløyseprosenten og forventa lønsstigning vil ha ein viss innverknad på den faktiske lønsutviklinga her og. Men i tillegg kan ein del andre forhold komma direkte inn i lønsdanninga. Mellom desse forholda er:

- produktivitetsutviklinga
- fortenestemarginane i bedriftene
- likviditetssituasjonen i bedriftene
- offentleg støtte til å halda oppe sysselsettinga i enkeltbedrifter
- prisnivået på forbruksvarer
- skattereglane for lønsinntekt

Dette er alt saman forhold som på ein eller annan måte kan påverka enten tilbod av eller etterspørsel etter arbeidskraft.<sup>1)</sup> Ved å reagera på rett måte på desse forholda kan organisasjonane i arbeidsmarknaden i stor grad førebyggja at arbeidsløyse oppstår. Vi kan kanskje venta at iein sterkt organisert arbeidsmarknad vil partane i mindre grad reagera på den arbeidsløysa som alt er og i større grad sjå på kva følgjer det løinsnivået som blir fastlagt for neste periode kan få for arbeidsløysa i den perioden.

Tilbodet av arbeid avheng av disponibel realløn, som igjen avheng av prisnivået på forbruksvarer og skattereglane for lønsinntekt. Men utviklinga i disponibel realløn er vel òg med på å danna grunnlaget for ei slags rettferdsvurdering ved lønsoppgjera. Og delvis trur vi vel at medlemene av fagforeiningane vurderer leiarane sine etter kor stor vekst i disponibel realinntekt som dei klarer å oppnå. Grunnlaget for ei slik vurdering må i tilfelle vera dei forventningane folk har om kor stor vekst som er oppnåeleg. Dersom desse forventningane byggjer på eit urealistisk grunnlag, t.d. ved at dei ikkje tar omsyn til at ei stigning i importprisane medfører eit fall i realinntekt for landet, kan det medføra ein alvorleg fare for den økonomiske stabiliteten.

-----  
1) Dei vil derfor påverka likevektsløna enten arbeidsmarknaden er organisert eller ikkje. Men i følgje dei oppfatningane som er nemnde over, påverkar dei lønsutviklinga berre gjennom differansen mellom tilbod og etterspørsel i arbeidsmarknaden.

For utviklinga av avancesatsane over tid skal vi tenkja oss at samanhengen er noko enklare enn for lønningane. Vi går rett og slett ut frå at dersom etterspørsele er stor i forhold til produksjonskapasiteten, blir avancesatsen sett opp. Dersom etterspørsele er liten blir satsen sett ned.

Kor kjem så dei tre indikatorane inn i dette bildet? Svaret er at i den grad ein auke i ein av dei tre medfører større produksjon og mindre arbeidsløyse, vil dei og kunna medføra ein auke i avancesatsane og i lønningane, altså meir inflasjon. Men her må vi ta ein del etterhald på grunn av at skattesystemet påverkar løns- og prisdanninga på så mange ulike måtar. Det skal vi komma tilbake til i neste avsnitt.

Dersom høgare sysselsetting fører til større lønsauke, og dersom høgare løn medfører høgare priser på norskproduserte varer, så vil dette før eller seinare måtte føra til at etterspørsele etter våre eksportvarer går ned, og at ein større del av den innanlandske etterspørsele vil retta seg mot import.

Produksjonen i dei konkurransesettte næringane må da gå ned. Dette tyder litt upresis sagt at dersom vi i dag aukar underskottet på budsjettet, for så å halda det fast ei tid framover, vil den positive effekten på sysselsettinga gradvis bli mindre og mindre, for til slutt kanskje å forsvinna heilt. Driftsbalanseen, som blei forverra alt på kort sikt, kan på lengre sikt bli ytterlegare forverra. Dette kan tyda på at skattenivået som verkemiddel snarare bør innrettast mot balanse i utanriksøkonomien enn mot nivået på sysselsettinga. Tilsvarande bør kanskje offentlege kjøp av varer og tenestar meir rettast inn mot langsiktige mål for omfanget av den offentlege sektoren enn mot den aktuelle konjunktursituasjonen. I ein moderne open marknadsøkonomi med faste valutakursar er det

partane på arbeidsmarknaden som i større grad enn den offentlege etterspørrelsereguleringa avgjer utviklinga av sysselsettinga på litt lengre sikt. Det gjeld i alle fall så lenge styresmaktene ikkje går inn med direkte støtte til enkeltbedrifter.

Eit problem ved utforminga av den økonomiske politikken er at vi veit for lite om kor mykje dei enkelte forklaringsfaktorane har å seia for utviklinga av lønsnivået. Ein del forsøk har vore gjort på å finna ut kva som ligg bak den lønstigninga som har vore i ulike periodar i etterkrigstida. Men sidan det er så mange forhold som kan spela inn, blir det desto vanskelegare å finna ut kva kvar enkelt faktor har å seia. Problemet blir enda vanskelegare ved at vi har hatt skiftande oppgjersformer, varierande lengde på avtaleperioden og periodevis løns- og prisstopp. For å kunna driva ein føremålstenleg finanspolitikk er det likevel nødvendig å gjera seg opp ei mening om kva som avgjør lønsutviklinga.

#### 3.4 Verknadstal frå FINMOD

Både i Finansdepartementet og Statistisk Sentralbyrå pågår det arbeid med å utvikla modellar som i tillegg til dei verknadene som er med i MODIS også skal ta med verknadene av finanspolitikken på lønsutviklinga og på marknadsandelane for norske varer både ute og heime. (Desse verknadene har sjølv sagt også blitt tatt omsyn til tidlegare, men da ved mindre formelle metodar). Dette arbeidet er framleis mest på eksperimentstadiet. Nedanfor skal vi gi att ein del tal for verknader av finanspolitikken, tal som er henta frå modellen FINMOD utvikla i Finansdepartementet. Talfestinga av enkelte sentrale samanhengar i modellen byggjer i svært stor grad på skjønn. Dei tala vi gir bør derfor ikkje oppfattast som stort meir enn rekneksempel som gir døme på dei effektane vi har diskutert.

FINMOD tar ikkje omsyn til at finanspolitikken kan verka inn på investeringane. Vi må oppfatta det slik at likviditetsverknadene av finanspolitikken blir nøytraliserete med passande penge- og kredittpolitiske tiltak. I FINMOD er avansatsane konstante og blir ikkje påverka av nivået på etterspørseren. Elles blir det i FINMOD tatt omsyn til alle dei verknadene av finanspolitikken som vi har omtala tidlegare. I tillegg tar FINMOD omsyn til at ved eit fall i produksjonen vil bedriftene i første omgang halda på meir arbeidskraft enn det som er nødvendig for å klara det lågare produksjonsvolumet. Når produksjonen går opp, skjer det ikkje berre ved tilsetting av fleire folk, men og ved at produksjonen pr. årsverk stig.

Av kolonne A i tabell 4 ser vi at om dei direkte skattane til staten blir reduserte med ein milliard 1982-kroner kvart år framover i forhold til det referansetilfellet vi har lagt til grunn, så vil lønsnivået kvart år framover til 1984 bli litt lågare enn det elles ville ha blitt. Det skyldest at vi har gått ut frå at ein skattelette gjer lønstakarane villige til å godta ein noko mindre lønsauke enn dei elles ville ha fått. Men dette er ein eingongseffekt som særleg gjer seg gjeldande i 1982 og 1983. Samstundes fører skatteletten til at det blir større innanlandsk etterspørsel og dermed større press i arbeidsmarknaden. Denne effekten varer ved over lengre tid og verkar til at lønsstigninga blir større enn ho elles ville ha blitt. Han fører til at alt i 1985 blir lønsnivået høgare enn det elles ville ha blitt.

Vidare ser vi at reduksjonen i lønsnivået gir ein noko mindre reduksjon i nivået på konsumprisindeksen fram til 1984. Noreg vinn marknadsandelar (både ute og heime). Men denne vinstenen avtar i 1985

etter som lønsnivået i Noreg tar til å nærma seg det nivået ville ha blitt utan skattelette. Det at vi vinn marknadsandelar verkar og med til å halda presset på arbeidsmarknaden oppe. Derfor vil lønsstigninga halda fram etter 1985.

Tala i kolonne A byggjer på at arbeidsgivarar og arbeidstakarar vil dela ein skattelette likt mellom seg, dvs. dei vil la halvparten av skatteletten slå ut i redusert brutto løn. Det kan diskuterast om dette talet er for optimistisk eller for pessimistisk. Til samanlikning har vi i kolonne B tal frå ei utrekning der vi går ut frå at ein skattelette ikkje har nokon som helst direkte verknad på brutto løn. Presset i arbeidsmarknaden gir oss da ein god del høgare lønsstigning enn vi elles ville ha fått. Med det følgjer prisstigning og tap av marknadsandelar. Vi ser at tapet i kolonne B er langt større enn vinninga i kolonne A. Det liigg altså eit ganske stort risikoment her.

Kolonne C gir tal tilsvarende dei i kolonnene A og B for det tilfellet at statlege utgifter til sivile konsumføremål (utanom helseføremål) blir auka med 1 milliard 1982 kr. kvart år framover. Som vi før har gjort greie for, fører dette til eit langt større press på arbeidsmarknaden enn 1 milliard kr. i skattelette. Derfor blir og verknadene på lønsnivå, prisnivå og marknadsandelar større.

Kolonne D, der statleg kjøp er auka med tre i staden for ein milliard kroner, illustrerer at verknadene på lønsnivå, prisnivå og marknadsandelar aukar meir enn proposjonalt med storleiken på tiltaket. Det skyldest at dess større sysselsettinga alt er, dess sterkare verknad reknar vi med at ein viss auke

År Værknad 1,8	Lønnsnivået i pst.	Reduksjon i direkte skatt	Auke i statlege kjøp				
			A. 1 mld. kr	B. 1 mld. kr	C. 1 mld. kr	D. 3 mld. kr	E. 1 mld. kr
Skatteletten fører til lågare løn før skatt	Skatteletten gir ingen direkte effekt på lønningsene				Verknad gjennom etter-spørsspress som i A og B		
1982	-0,30	0,14	0,31	1,36	0,17	1,08	
1983	-0,35	0,34	0,38	3,67	0,47	2,96	
1984	-0,13	0,55	1,36	6,08	0,78	5,02	
1985	0,16	0,73	1,85	8,27	1,07	6,94	
Lønnsnivået i pst.							
Konsument-Indeksen i pst.							
1982	-0,17	0,07	0,19	0,80	0,11	0,60	
1983	-0,20	0,18	0,49	2,11	0,29	1,63	
1984	-0,09	0,29	0,80	3,47	0,48	2,76	
1985	0,07	0,39	1,07	4,66	0,64	3,80	
Norske mark-nadsandeler på eksport- marknaden i pst.							
1982	0,06	-0,02	-0,06	-0,26	-0,04	-0,20	
1983	0,11	-0,07	-0,20	-0,87	-0,12	-0,68	
1984	0,10	-0,14	-0,39	-1,71	-0,23	-1,37	
1985	0,03	-0,21	-0,59	-2,58	-0,35	-2,11	

1) du = 0,015

2) 15 000 ledige

i etterspørrselen etter arbeidskraft vil ha på lønnsnivået.

Nå er vi usikre også på kor stor verknad press i arbeidsmarknaden har for utviklinga av lønnsnivået. Den uvissa vi må rekna med på det området er illustrert i kolonne E.

### 3.5 Nye moment og oppsummering

Før vi oppsummerer er det eit par forhold til som bør nemnast:

1

I drøftinga over tenkte vi oss først at etterspørrselen etter arbeidskraft var proposjonal med etterspørrselen etter varer og tenestar. I samband med bruken av tal frå FINMOD nemnde vi at når etterspørrselen går opp, vil gjerne produktiviteten og gå opp, slik at sysselsettinga aukar mindre enn proposjonalt med etterspørrselen. Innanfor heilt korte periodar, slike som vi tenkte oss til å begynna med, må vi rekna med at endringar i etterspørrselen etter varer i stor grad blir motsvart av endringar i lagerbeholdningane i staden for i sysselsettinga. Men dersom etterspørrelsensendringa varer ved, vil ho etter kvart få konsekvensar for sysselsettinga.

2

Eit auka underskott på statsbudsjettet medfører ei stadig aukande statsgjeld. Rentebetalingane vil da stadig auka både som følge av at statsgjelda blir større og fordi rentenivået kan komma til å stiga. Skal underskottet haldast konstant, må dette kompensera enten ved at andre utgifter går ned eller skattane opp. Det siste kan eventuelt skje automatisk som følge av auka økonomisk aktivitet

eller høgare prisnivå. Staten kan vanskeleg halda store underskott over lengre tid utan at underskotta enten ständig blir større og større eller skattenivået ständig aukar. Alternativt kan ein finansiera underskottet ved å auka likviditetstilførselen.

På kort sikt vil ein da få enda høgare sysselsetting, men òg større inflasjon. På lang sikt vil vi få eit ständig veksande underskott på driftsbalanse.

Skal vi oppsummera den grunngivinga vi har gitt for bruken av dei tre indikatorane, kan vi seia følgjande:

1

Eit auka underskott før lånetransaksjonar fører i første omgang til høgare sysselsetting, større underskott på driftsbalanse med utlandet og høgare løns- og prisstigning. Konkurransevna blir dermed forverra, og det kan gå ut over sysselsettinga på lengre sikt. Etter ei tid vil verknaden derfor hovudsakleg vera eit større underskott på driftsbalanse og eit noko høgare prisnivå enn det elles ville ha blitt. Verknaden på sysselsettinga vil på lengre sikt bli liten.

2

Dersom underskottet blir auka ved at staten kjøper meir varer og tenestar, har det noko sterkare verkninger enn om det aukar ved at skattane blir reduserte.

3

Dersom ein auke i underskottet på statsbudsjettet ikkje blir motsvart av ein reduksjon i utlåna frå staten eller dei private bankane, vil verknadene av auken i underskottet blir forsterka.

#### 4 Problem ved bruken av dei tre indikatorane

##### 4.1 Resultatet avheng av andre forhold

Kva som vil skje i økonomien, avheng sjølv sagt ikkje berre av verdiane på dei tre indikatorane, men og av ei rekke forhold som styresmaktene i liten grad har kontroll over. Det gjeld til dømes utlandet sin etterspørsel etter eksportvarene.

Dess høgare nivået på etterspørseren frå utlandet er, dess større vil produksjonsvolumet innanlands vera, og dess større sysselsetting får vi. Ein politikk som i ein situasjon blir vurdert som for ekspansiv, kan i ein annan situasjon bli sett på som for kontraktiv. Slike vurderingar må alltid ta utgangspunkt i storleikar som vi har målsettingar for, t.d. sysselsettinga, prisutviklinga og handelsbalansen. Spørsmålet er da om vi ikkje like gjerne kan gløyma dei tre indikatorane og sjå direkte på målstorleikane. Når budsjettet skal vurderast i ettertid, er nok dette ein brukande framgangsmåte. Når budsjettet er til behandling, vil det alltid vera nokså uvisst kva verdiar målvariablane vil få enda om den offentlege politikken er kjend. Indikatorane får sin verdi ved at det gitt politikken er lettare å forutseia verdien av dei enn av målvariablane. Dette er ikkje nødvendigvis tilfellet. For å kunna rekna ut utgiftene og inntektene til staten må vi jo kjenna mange av målvariablane, t.d. sysselsettinga og prisstigninga.

Når hovudlinene i politikken er fastlagde, er det likevel forholdsvis lett å gi eit grovt anslag over den verknaden eit mindre politisk tiltak vil ha på verdiane av dei tre indikatorane. Dei kan vera nyttige både i administrasjonen og for politikarane når dei makroøkonomiske verknadene av mindre budsjettendringar skal vurderast utan at det er tid til å rekna gjennom ein større modell først.

Som ein illustrasjon av kor ulik verknad den same politikken kan ha i ulike utgangssituasjoner, kan vi sjå på kolonnene C og F i tabell 4. I kolonne F har vi gått ut frå at det i utgangspunktet er 10 000 færre registrerte ledige enn i kolonne C. Vi ser at ein auke i dei offentlege utgiftene på 1 milliard kroner får langt sterkare verknad på lønsnivå, prisnivå, og marknadsandelar når presset på arbeidsmarknaden i utgangspunktet er sterkare. Tilsvarende ville auka offentlege utgifter i ein situasjon med svært stor arbeidsløyse bli nesten utan verknader på lønsnivå, prisnivå og marknadsandelar.

#### 4.2 Verdien av indikatorane avheng av tilstanden økonomien er i

Statsinntektene er ikkje direkte verkemiddel i finanspolitikken. For gitte skattesatsar, prisar på offentlege tenestar o.s.v. er innkomene avhengige av situasjonen elles i økonomien. Det same gjeld i stor grad statsutgiftene. Ei endring i t.d. etterspørselen frå utlandet, investeringsviljen eller spareviljen kan såleis føra til at det skjer endringar i verdiane på dei tre indikatorane utan at finanspolitikken er endra. Omvendt kan konstante verdiar for indikatorane skjula at både finanspolitikken og andre forhold som påverkar situasjonen i økonomien har endra seg. For å få indikatorar for kor ekspansiv sjølve politikken er, har ein del økonomar lansert ulike måtar å standardisera indikatorane på. Eit vanleg omgrep i amerikansk økonomisk debatt er overskottet ved full sysselsetting (full employment surplus). Der prøver ein å rekna ut kor stort overskottet før lånetransaksjonar ville vore om økonomien hadde vore i ein tilstand med full sysselsetting. Dette kan sjølv sagt gjerast på fleire måtar alt etter kva modell ein nyttar, og korleis ein tenkjer seg at full sysselsetting kjem i stand. I Noreg har alle statsbudsjett

etter krigen tatt utgangspunkt i at vi skulle ha tilnærma full sysselsetting. Derfor har det vore nokså uinteressant å skjelna mellom overskottet ved full sysselsetting og overskottet slik det framstår i statsbudsjettet (og statsrekneskapen). Men det kan kanskje vera aktuelt å standardisera for andre forhold.

A rekna verdiane av dei tre indikatorane i faste prisar er også ein måte å standardisera for ein endra situasjon i økonomien på. Det er to forhold ein bør vera merksam på ved denne forma for standardisering:

1 Å rekna ut verdien av indikatorane i faste prisar er ikkje det same som å gi svar på kva dei ville bli om prisane hadde vore konstante. T.d. vil progressiviteten i skattesystemet normalt medføra at når prisane stig, går skatteinnkomene opp rekna i faste prisar. Men hadde prisane vore konstante, ville skatteinnkomene heller ikkje gått opp. Ved ei endring i prisnivået kan derfor verdiane av indikatorane bli endra både i faste og løpende prisar utan at styresmaktene aktivt treng å endra politikken.

2 Sett at alle prisar og lønningar aukar proporsjonalt, mens alle andre forhold som er utanfor kontroll av styresmaktene, og som verkar inn på økonomien, held seg uendra. Dersom dei tre indikatorane blir holdne konstante i faste prisar, vil da alle realøkonomiske forhold vera uendra? Svaret er at så sant summen av publikums pengebeholdning og netto fordringar på staten ikkje er lik null, vil realverdien av privat formue bli endra. Men dermed må det normalt renteendringar til for at publikum skal vera villige til å godta den likviditetstilførselen dei vil få ved uendra verdiar i faste prisar for dei tre indikatorane. Indirekte viser dette at ikkje berre realverdien, men også det nominelle nivået for dei tre indikatorane kan ha noko å seia for kva som skal skje med produksjonen.

4.3 Fordelinga av offentlege utgifter og inntekter  
kan vera viktig

Eit klassisk eksempel er fordelinga av skattane på grupper med ulikt inntektsnivå. Det ser ut for at av ei krone ekstra i inntekt vil ein med høg inntekt forbruka mindre enn ein med låg. Ei endring i skattesystemet som fordeler om inntekt frå persnar med høg til persnar med låg inntekt, skulle derfor føra til ein auke i den samla etter-spørrselen. Om dette skal føra til større produksjon innanlands, avheng av om dei med låg inntekt vil bruka meir av ei ekstra krone til å etterspørre innanlandske varer og tenestar enn dei med høg inntekt.

Når det gjeld verknader på innanlandsk etter-spørrel, står oljeskattane i ei særstilling ved at dei er nærmast utan slike verknader. Oljeskattane vil bli omtala nærmare i neste avsnitt.

Når det gjeld kjøp av varer og tenestar, er det særleg fordelinga mellom postar med ulikt importinnhald som er viktig. Dei ekstreme tilfella er her på den eine sida tilsetjing av fleire folk, som har ingen direkte importverknad, og på den andre sida kjøp av varer direkte frå utlandet. I det første tilfellet vil effekten på innanlandsk produksjon bli relativt sterkt, men vi får og ein indirekte effekt på importen i perioden. I det andre tilfellet aukar importen like mykje som dei offentlege kjøpa, men vi får ingen verknad på den innanlandske økonomien.

I tabell 5 kan ein samanlikna verknadene av å auka utgiftene til statleg konsum og investering forutsatt at fordelinga på varer og tenestar er den same som før. Statleg konsum har minst importinnhald og derfor størst verknad på innanlandsk økonomi.

På same måte som vi ser på overskott før lånetransaksjonar eksklusive skatt på oljeutvinning, kunne det vera grunn til å sjå på overskottet eksklusive kjøp av varer direkte frå utlandet. Like eins burde vi kanskje trekka ut den delen av u-hjelpa som

TABELL 5 FINMOD-TAL FOR VERKNADER AV FINANSPOLITIKEN

AUKE 1 MILLIARD KRONER I STATLEG KJØP

Verknad på	År	A Statleg konsum	B Statleg investeringar
Import (i millionar	1982	330	480
kr, faste	1983	370	530
1982 prisar)	1984	390	570
	1985	420	590
Samla sysselsetting (i 1000 årsverk)	1982	6,3	4,6
	1983	6,4	4,8
	1984	6,3	4,9
	1985	6,2	4,8
Konsument- indeksen (i ppt.)	1982	0,19	0,11
	1983	0,49	0,30
	1984	0,80	0,50
	1985	1,07	0,69

er direkte overføringer til andre land. Men bildet blir ytterlegare komplisert ved at det i større grad er blitt vanleg å knytta både overføringer og importkontraktar til avtalar om mottakingar i form av kjøp frå Noreg. I så fall er det klart at importen kan få verknader på den innanlandske økonomien.

Ein måte å sjå desse spørsmåla på er den følgjande: I ein situasjon der interessa er konsentrert om nivået på etterspørselet retta mot innanlandsk produksjon og utviklinga av driftsbalansen på kort sikt er av lita interesse, kan det vera naturleg å konsentrera seg om mål for overskott og offentlege kjøp der slike inntekter og utgifter som ikkje vedrører den innanlandske økonomien er trekte ut. Legg vi på den andre sida størst vekt på driftsbalansen, kan det vera ønskjeleg å konstruera indikatorar som nettopp gir dei summane som direkte vedrører utlandet større vekt.

